

Notat

Går til:
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 11.06.2007
Frå: **Herlof Nilssen**
Sakshandsamar: **Hans K. Stenby**
Saka gjeld: **Orientering om Ressurssenter om vold, traumatisk stress og
sjølvmondsførebygging - Region Vest**

Styresak 058/07 O

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Styremøte 27.06. 2007

Bakgrunn

Det blei i styremøte 23. mai etterspurt ei nærare orientering av Ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging - Region vest (RVTS-Vest).

Det gis her ei kort oppsummering om bakgrunn for senteret og oppgåver.

Kommentarar

Bakgrunn og føringar

Helse- og omsorgsdepartementet gav i brev av 26. mai 2005 Sosial- og helsedirektoratet i oppgåve å etablere regionale ressursentra for sjølvmondsførebygging, vald og traumatisk stress, samt oppfølginga av disse.

Eableringa av dei regionale ressursentra innebar ei samorganisering og –lokalisering av tidlegare psykososialt team for flyktningar og dei nasjonalt finansierte prosjekta tiltak mot sjølvmond og støtte til seksuelt misbrukte barn, som alle var miljø/prosjekt med regionale oppgåver.

Det regionale ressursenteret i Helseregion Vest blei lagt til Helse Bergen HF som ei eining under psykosomatisk avdeling. Sjølv om senteret vart lagt til eit helseføretak skal det ha nært samarbeid med andre tenester.

Det regionale ressursenteret blei oppretta og blir drive i tråd med føringar og rammevilkår frå Sosial- og helsedirektoratet. Til grunn for verksemda ligg årlege oppdragsbrev frå direktoratet som igjen er utarbeida på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Justisdepartementet.

Formål og funksjonar

Formålet med senteret er å styrke regional kompetanse på valds- og traumefeltet - medrekna sjølvmondsførebyggande arbeid - på permanent basis i heile Helseregion Vest, altså Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei regionale ressursentra skal bidra til kvalitativt betre og meir heilskaplege tenester gjennom kompetansebygging i

tenesteapparatet, og utvikling av hensiktsmessige samarbeidsmodellar på tvers av profesjonar, samfunnssektorar og forvaltningsnivå. Senteret skal være eit ressursmiljø for helsepersonell, for barne- og familievern, politi, kriminalomsorg, sosialtenester og andre som arbeider med menneske utsett for vald og traumatisk stress. I høve til oppdragsbrev frå direktoratet skal ressurscenteret

gi undervisning, rettleiing og konsultasjon til det utøvande tenesteapparat, samle dei ulike fagmiljøa på området sjølvmoordsførebygging, vald og traumatisk stress, initiere/utvikle nettverkssamarbeid mellom alle relevante aktørar i regionen, utvikle og koordinere felles kurs- og undervisningsopplegg med utgangspunkt i praksisfeltet sine ønskjer og ved behov inngå aktuelle samarbeidsavtaler med tenesteapparatet/praksisfeltet på brei basis.

Organisering

Senteret er administrativt plassert under Psykiatrisk divisjon, Helse Bergen HF, som ein seksjon under Klinikk for psykosomatisk medisin. Samstundes har som nemnt senteret eit mandat utover helsesektoren, og nedslagsfeltet er regionalt. Senteret har derfor etablert tett og formalisert samarbeid med andre regionale aktørar med overlappende funksjonar og målgrupper, som Barne- ungdom og familievernet Region vest (BUF-etat Vest), Regionsenteret for barn og unges psykiske helse (RBUP-Vest), mfl.

Nasjonalt samarbeider ressurscenteret i første rekke med Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) og Senter for sjølvmoordsforskning- og førebygging (SSFF), men samordnar seg også i forhold til andre miljø som har nasjonale funksjonar med omsyn til å koordinere arbeidet for å betre tenestene for valds- og overgrepsette, sjølvmoordstrua og flyktningar/asylsøkjjarar, som Nasjonalt kompetanseining om minoritetshelse (NAKMI), Alternativ til vold (ATV), mfl.

Dei tidlegare temaområda og miljøa som har vorte vidareført i senteret gjenspeilar seg i den indre organiseringa – i form av ulike team: Utanom administrasjonen og leiinga består senteret av Team for flyktningar, Team for vald og seksuelle overgrep og Team for sjølvmoordsførebygging. I tillegg har senteret ei mindre teamovergripande eining for Metodeutvikling.

Status og ressursar

Senteret var gjennom heile 2006 i full drift, sjølv om oppbygging av staben skjedde fram mot september/oktober. Det var høg aktivitet i regionen med kurs, seminar, temadagar, konsultasjon og nettverksbygging. Det er per i dag 20 tilsette fordelt på ca. 13 årsverk. Dei mange delte stillingane kjem av at praksiskompetansen inn mot senteret skal sikrast gjennom at ein del tilsette også har stillingar i relevante praksisnære eksterne instansar. Det er m.a. ein 50 prosent stilling i Helse Fonna og det same i Helse Stavanger.

Oppdrag og tildelingsbrev frå direktoratet for 2007 syner eit ynskje å vidareføre arbeidet i den retning det vart lagt opp til i 2006, men med oppgåver retta mot temaet kjønnslemlesting/ tvangsekteskap i tillegg.

Senteret fekk for 2007 tilsegn frå om eit tilskot på til saman kr. 11 711 000,- til drift. Av disse er kr. 500 000 øyremerkta arbeid retta mot kjønnslemlesting/menneskehandel, og det vert i disse dagar tilsett ein medarbeidar i 20 % engasjement for å følgje opp og koordinere dette arbeidet ut året.